



Etne Løps- Festival

Me i Etne Løpsfestival vil takka alle som deltok på dei ulike løpa i Etne laurdag 11. juli. Me hadde ca 160 førehandspåmeldte, og rekna ikkje med at det skulle koma så veldig mange på løpsdagen. Men hadde håpa å nå oppi 200 løparar. Nå enda me på ca 260 løparar, og det var utruleg kjekt!

Ei stund så vart det litt hektisk med startnummerutdelinga. Men me trur at alle fekk dei på før løpet starta.

Det gjekk også tomt på nokre av drikkestasjonane. Der har me fått tilbakemelding på at dei gjorde det som var mogeleg å få til. Men diverre så var det nokon som fekk lite drikk mot slutten.

At medaljane vart brukt opp får me sjå det positive i. Det kom mykje fleire folk enn venta, og det er jo kjekt når me nå skal evaluera løpet.

Til dei som ikkje fekk medaljar så vil me ha tilbakemelding. Me ettersender til dåken alle. Men då vil me ha adressa.

Send E-post osamland@online.no **** SMS - [932 80 221](tel:93280221)

Me vil også ha tilbakemeldingar på løpet - ris eller ros.

TILs lutt vil me få takka Gisle Sellevold og Kjell Vigestad for god reklamering for Etne Løpsfestival 1

Med helsing
IF Klypetussen
v/Olav Samland
--- Høvding ---